


# MUSIKK

## Musikk med høg eigenverdi

Dragar byr på ny og gammal musikk frå unge felespelarar i Bergen.

### FOLKEMUSIKK



DRAGE-  
GJENGEN:  
**Dragar**  
ABCTUNES

Dragegjengen er 21 born som spelar fele/hardingfele. I og for seg ikkje noko uvanleg med det – folkemusikkrørsla har lenge tatt rekruttering av unge på alvor.

Men det spesielle med Dragegjengen er at det heile starta (i 2015) som eit for- eldrestyrt SFO-tilbod ved Krohnengen skole i Bergen. Etter kvart vart det etablert eit fruktbart samarbeid med ungdomslaget Ervingen og Bergen juniorspelemannslag og lærekretene deira.

Noko anna som er spesielt,

er at det ikkje er vaksne folkemusikkarar som står bak initiativet, men samtidskomponist og pianist Else Olsen S, som er mest kjend for sitt arbeid med «open form» og preparert piano, mellom anna i tradisjonen etter John Cage.

Mannen hennar, bassist Øyvind Storesund (som mange kjerner frå Kaizers Orchestra, Cloroform og ymse frijazzkonstellasjonar) medverkar òg. Det nyskrivne verket *Dragar* er ein viktig del av plata, men her er òg enkle tradisjonelle slåttar.

Sjølvsgart høyrer ein at det er born som spelar, men produksjonen som heilskap, der tradisjonsmusikken vert sett saman med element frå samtidsmusikk, gjer at dette framstår som musikk med

høg eigenverdi, ikkje berre dokumentasjon av eit pedagogisk opplegg.

CD-en ligg inni ei vakker lita bok utforma av Therese G. Eide, der ein finn interessante tekstar om prosjektet, ei mengd fotografi, og – ikkje minst – intervju med kvart av borna i laget.

Det unike med dette prosjektet er at det er er lagt vekt på kvalitet i alle delar. I føreordet vert jamvel innspeilingsteknikarane takka fordi «dei har teke Dragegjengen på djupaste alvor i innspeilinga og som artist på lik linje med alle andre artistar».

### SIGBJØRN APELAND

Sigbjørn Apeland er musikar, musikkvitar og fast meldar i Dag og Tid.




Dragegjengen spelar tradisjonsmusikk med innslag av samtidsmusikk. Foto: Vegard Moe Nilssen

## Wallumrødsk folkemusikk

Eit unikt solopianouttrykk er i emning.

### JAZZ / SAMTIDS-MUSIKK



CHRISTIAN  
WALLUM-  
RØD:

**Speaksome**  
CHRISTIAN  
WALLUMRØD.

PIANO, SYNTHESIZERAR, AUTO-  
HARPE OG TROMMEMASKIN.  
HUBRO

Christian Wallumrød er i ferd med å utvikla eit unikt uttrykk som solopianist. I dette uttrykket flettar han inn elektroniske instrument som blir brukte diskret, men til tider overraskande. Også pianolyden blir av og til manipulert, men like fullt er

det pianoet som legg hovudtyngda av premissane.

Norsk folkemusikk har ein heilt sentral plass i fleire av dei sju komposisjonane – som alle er ført i pennen av Wallumrød. Det er ikkje snakk om slåttespel på piano. Forma er ofte fragmentarisk og «stangar» gjerne inn i kontrasterande musikalske idear eller har eit klangleg og harmonisk underlag som gjev musikken ein klar ambivalens.

Han varierer tempoet, endrar dei groovande figurane og legg inn medvitne «skødd» for å røska lydarane ut av komfortsona. Låtane «Self Volk» og «Nölen und laden» inneheld alt dette og er høgdepunkta på plata.

På den førre solopianoplatan, *Pianokammer* (Hubro, 2015), var inspirasjonen frå Keith Jarrett tydeleg. På denne utgjevinga finn ein den same inspirasjonen i den fornøyelige «Gitar». Tittelkuttet «Speaksome» er ein herleg miks av norsk folkemusikk og blues – ein skikkeleg honnør til Jan Johansson.

No ser eg fram til at me får høyra Christian Wallumrød solopianosolo på Landskappleiken. God jo!

### LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans journalist og fast jazzmeldar i Dag og Tid.



## Stille natt

Hiss Golden Messenger har laga årets juleplate.

### ROCK



HISS GOLDEN  
MESSENGER:  
**O Come All Ye  
Faithful**  
MERGE RECORDS

Eg var ikkje lenger enn eit par minutt inne i «Hung Fire», opningssporet på *O Come All Ye Faithful*, før eg forstod at eg hadde funne mi juleplate i år. Hiss Golden Messenger høyrest heilt ut som seg sjølv, også når Mike (M.C.) Taylor (f. 1975) vågar seg ut i dette farefulle terrenget – og der ligg vel også nøkkelen til at dette er eit så fint album. Mannen nærmar seg høgtid og ferietid, med alle sine motsetnader, med same nærliek som kvardagen.

Det har etter kvart vorte ei flott lita rekjkje med utgivingar

frå Hiss Golden Messenger, med gjennomgående høg kvalitet. *Terms of Surrender* (2019) fekk Grammy-nominasjon som årets americanaplate då ho kom for to år sidan, og bandets hittil siste studioutgiving, *Quietly Blowing It*, som kom før i år, var også solid. Eg høyrer dessutan til mellom dei som stadig vender tilbake til *Lateness of Dancers* (2014), som eg har nemnt tallause gonger før på desse sidene.

### ROTDESTA LÅTSKRIVAR

Kvalitetane som definerte desse og andre plater, er også til stades på *O Come All Ye Faithful*. Taylor er ein sterkt rotfesta låtskrivar og vokalist, og kler musikken med gitarar, piano og orgel og saksofon, med eit laust, men stødig komp i botnen.

I desse songane spørjer både

## Arkivet: Tony Rice / Punch Brothers

Er du glad i Tony Rice-plata *Church Street Blues* (1983)? I så fall bør du vurdere å skaffe deg *Hell on Church Street*, albumet Punch Brothers gir ut nokre dagar ute i det nye året. Det dreier seg nemleg om ein rein hyllest til Rice-utgivinga,

som Chris Tile (mandolin), Gabe Witcher (fele og violin), Noam Pikelny (banjo), Chris Eldridge (gitarar) og Paul Kowert (bass) alle peikar på som eksepsjonelt viktig for deira eiga interesse for musikk. Det har gått fire år sidan

